

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 20.06.2019

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- DRIFTS- OG INVESTERINGSRAPPORT 1. TERTIAL 2019
- STATUSRAPPORT FINANSFORVALTNING PR.30.04.2019
- GODKJENNING AV ÅRSMELDING 2018 FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2018 FOR GULEN KOMMUNE
- GULEN OG MASFJORDEN BRANN OG REDNING.
- TILFØRING AV MIDLAR TIL OPPSTART AV ØVINGS- OG KOMPETANSESENTER. BERIVEST AS
- ETABLERING AV INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD (KYSTRÅDET) FOR KOMMUNANE, GULEN, SOLUND, HYLLESTAD, FJALER, ASKVOLL, FLORA, VÅGSØY, BREMANGER OG SELJE
- UTBYGGING AV FIBERBREIBAND I GULEN. TILLEGGSAVTALE
- HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2020 – 2023
- DIHVA. OMDANNING FRÅ IKS TIL AS
- REGULERINGSPLAN GULATINGET. MINDRE ENDRING

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører



GOD SOMMAR



OBS – ATTENTION - ACHTUNG

Me er stolte av at sjøareala i Gulen er i bruk til mange ulike fritidsaktiviteter.

Hugs å **VISE HENSYN** til småbåtar, kajakk / kano, dykkarar i sjø (sjå flaggillustrasjon over), badegjester.

Ha ein fin sommar i Gulen!

We are really proud that the marine areas in Gulen are used to different kind of recreation. Remember to **SHOW RESPECT** to small boats, kayak / canoe, divers in see (see illustration above), bathing guests. Have a nice summer in Gulen!

Wir sind stolz darauf, dass das Meer und die Strände in Gulen für viele verschiedene Freizeitaktivitäten genutzt wird. Denken Sie daran, auf kleine Boote, Kajaks / Kanus, Taucher im Meer (Siehe Abbildung oben) und Badegäste **RÜCKSICHT ZU NEHMEN**.

Ferie – Psykisk helse

Fagleiar for psykisk helse og rus tek ferie i veke 29,30 og 31. I denne perioden er det ingen som vil svare på telefonen. Ved øyeblikkelig hjelp må du som før ta kontakt med legevakta. Vil med dette flotte motivet (sjå neste side) frå ein av tenesta sine tilbod ynskje deg ein retteleg god sommar.



Kystsogeveka – Rekebord og kaidag

Den tradisjonelle Kaidagen i Fureneset vert i år arrangert i samband med Kystsogevekene den 11. august. Rekebordet og Kaidagen har vore fast post på kystsogeveke-programmet sidan starten i 1997. I Fureneset er dei stolte av å dra i hamn dette arrangementet i den vesle bygda. Her kjem folk frå heile kommunen og regionen. Trufaste gjester og nye. Oster kjem via Fonnes kl 12.00, her vert det servert rekebord på kaien, det blir kiosk, tombola, salsboder, film og bilde framvisning og veteranbil/sykkel utstilling. Det vert aktiviteter for born og unge – vannballer, fiskeakvarie og anna.



Når uhellet er ute – påkøyrslse av hjort

Kvart år vert det meldt inn til kommunen eller politi påkøyrslser av hjort. Dette er hendingar vi helst vil unngå nokon kvar.

Men også når vi set ned farten og er observante, skjer det samanstyrt mellom hjort og bil.

Når uhellet er ute, skal bilfører melde frå til kommunen eller til politi. Det er kommunen som er ansvarleg for human avliving av skada vilt. Gulen kommune har avtale med Gulen ettersøkslag som utfører arbeidet. Det er ei sterk oppmoding å melde frå når uhellet er ute og hjort vert skada som følgje av påkøyrslse.

Enten dyret døyr momentant eller flyktar, skal det meldast til kommunen.

Ved fleire høve kvart år får kommunen via andre, melding om daude eller skada dyr. Du er sjølv pliktig til å melde frå til kommunen eller politi så fort som mogeleg etter hendinga. Merk staden for hendinga. Kan du seie noko om dyret, synlege skader eller korleis det oppførte seg etter samanstyrt, er det til hjelp ved ettersøk.

Telefonnummer;
Gulen kommune: 57 78 20 00 (57 78 20 51 vilt)
Politi: 02800
Gulen Ettersøkslag v/ leiar Roar Elnes:
416 85 260



Viltforvaltning Vårteljing av hjort

Det vart også dette året utført vårteljing av hjort. Denne teljinga gjev oss eit førsteinntrykk av korleis hjortestammen er før kommande jaktseong.

I tabellane under viser målingane i 2019, 2017 og 2018.

2018 var ein noko spesiell vinter med meir frost og snø enn det vi vanlegvis har. Dette førte til at fleire dyr klumpa seg saman langs vegar og busetnad. Og fordi vinteren var uvanleg hard, var fleire hjort å sjå også i vårteljinga.

Derfor er det meir relevant å samanlikne tala i 2019 med tala i 2017. Og då er ikkje skilnaden så stor.

For rute 3 Hantveit – Kjelby – Austgulen – Botnen var det sett 162 dyr i snitt i 2017, men berre 121 dyr i 2019. Det er spesielt 1. teljinga 30.03.19 som skil seg ut med berre 58 dyr sett.

Det er ikkje kome inn resultat for rute 4 Breidvik – Botnen, i 2019. Legg ein inn 100 som snitt, vil total sette dyr i Gulen 2019 bli 898 som er 40 dyr ferre enn i 2017. Rute 8 Sæternes – Eide – Halsvik og 9 Sandøy viser nedgang på høvesvis 25 dyr og 17 dyr frå 2017 til 2019.

Skal ein dra ein konklusjon, noko som er usikkert for eit år, er stammen stort sett lik med føregåande år. Mogeleg med ein nedgang i ytre strok.

Vårteljing hjort på innmark:	Våren 2019 3 teljingar				
	Dato	30.mar	06.apr	27.apr	Totalt
1. Indre Oppedal - Kringla	100	133	152	385	128
2.Inst Takle - Brekke - Ynnesdal	92	172	101	365	122
3. Hantveit - Kjelby - Austgulen - Botnen	58	155	151	364	121
4. Breidvik - Botnen				0	0
5. Eivindvik - Nordgulen - Rutledal -Brosvik	289	263	123	675	225
6. Brosvik - Dingja	57	107	47	211	70
7. Leversund - Dalsøyra - Høyvik	61	51	45	157	52
8. Sæternes - Eide - Halsvik	52	54	23	129	43
9. Sandøy	32	35	6	73	24
10. Byrknesøy - Mjømna	0	6	12	18	6
11. Hisarøy	3	5	8	16	5
Sum - gjennomsnitt	744	981	668	2393	798

Vårteljing hjort på innmark:	våren 2017			3 teljingar	
	Dato	01.04.	22.04.	29.04.	Totalt
1. Indre Oppedal - Kringla	70	116	178	364	121
2.Inst Takle - Brekke - Ynnesdal	73	125	117	315	105
3. Hantveit - Kjelby - Austgulen - Botnen	129	128	230	487	162
4. Breidvik - Botnen	61	89	97	247	82
5. Eivindvik - Nordgulen - Rutledal -Brosvik	176	264	237	677	226
6. Brosvik - Dingja	49	62	87	198	66
7. Leversund - Dalsøyra - Høyvik	54	48	59	161	54
8. Sæternes - Eide - Halsvik	53	68	82	203	68
9. Sandøy	24	36	64	124	41
10. Byrknesøy - Mjømna	3	8	7	18	6
11. Hisarøy	2	7	12	21	7
Sum - gjennomsnitt				2815	938

Vårteljing hjort på innmark: Våren 2018 2 teljingar.

Dato	14.apr	28.apr	Totalt	Snitt
1. Indre Oppedal - Kringla	120	190	310	155
2.Inst Takle - Brekke - Ynnesdal	150	183	333	166,5
3. Hantveit - Kjelby - Austgulen - Botnen	112	206	318	159
4. Breidvik - Botnen	96	154	250	125
5. Eivindvik - Nordgulen - Rutledal -Brosvik	213	288	501	250,5

6. Brosvik - Dingja	84	109	193	96,5
7. Leversund - Dalsøyra - Høyvik	82	102	184	92
8. Sæternes - Eide - Halsvik	68	74	142	71
9. Sandøy	63	32	95	47,5
10. Byrknesøy - Mjømna	3	6	9	4,5
11. Hisarøy	13	5	18	9
Sum - gjennomsnitt			2353	

Dovettreglar

Sjekk etter lekkasjar

Vi minner om at reint vatn kostar! Så ver påpasseleg med å halde alle kraner, sisterner og anna utstyr tette. Har du mistanke om vasslekkasje på nettet, så meld frå til oss straks. Bruk vatnet fornuftig og gled deg over reint vatn i kranen.

Dovettreglar

Kast dette

Bæsj, tiss og dopapir er det som skal i do!

Ikkje kast dette

Våtserviettar, Q-tips og feitt skal ikkje i do!

Fjern feittet

Stivna fett skal i søppelbøtta eller saman med matavfallet.

Kjøp bøtte

Kjøp ei lita søppelbøtte til badet, som du kan bruk til våtserviettar, Q-tips og annan søppel som ikkje skal i do.



MUSIKKVELD I GULEN KYRKJE

ved organist Peter T. Jobbagy

fredag 21. juni kl 20.00

Det er ikkje inngangspengar, men høve til å gje ei gåve til kyrkja ved utgangen.



Program:

Johann Sebastian Bach:

Fantasi og fuge, g-moll

Franz Liszt:

Legende om Sankt Elisabet

Dezső Antalffy-Zsiross:

Sprelske Fauner – Scherzo

Julius Reubke:

Orgelsonate c-moll om salme 94.



Følg Gulen kommune på Facebook, eller på heimesida www.gulen.kommune.no